

ÅM-2 Årsmelding for Hordaland Venstre 2018

*Det heiter ikkje: eg - no lenger.
Heretter heiter det: vi.
Eig du lykka så er ho ikkje lenger
berre di.
Alt det som bror din kan ta imot
av lykka di, må du gi.*

Halldis Moren Vesaas, 1.vers i «Tung tids tale»

Årsmøtet er Hordaland Venstre sitt høgaste organ, og denne årsmeldinga er med dette eit forsøk på å få formidla kva fylkesstyret og fylkeslaget har hatt føre seg i året som har gått. Dette året har vore prega av at Venstre er maktrelevant gjennom å vere i regjering med Høgre og Framstegspartiet og at fylkeslaget har vore inne i ein første fase av ein viktig samanslåingsprosess med Sogn og Fjordane Venstre. Samanslåingsprosessen mellom Hordaland og Sogn og Fjordane Venstre er ein konsekvens av Regionreforma, der dei to fylka skal bli ein region med eit felles fylkesting. Regionreforma vil truleg bli ei av dei viktigaste desentraliserings- og demokratireformene i nyare tid. Det er difor viktig å rigge det nye Vestland Venstre for å handtere den nye landsdelen, organisatorisk og politisk. Kombinasjonen av regjeringsmakt nasjonalt og samanslåing lokalt, har gitt styret og organisasjonen elles mange nye utfordringar og mange nye moglegheiter.

INNHALD

1. FYLKESÅRSMØTET
2. FYLKESSTYRET
3. NEMNDER OG UTVAL
4. LOKALLAGS-/MEDLEMSSTATUS
5. ANDRE SAMARBEIDSORGAN
6. REPRESENTASJON I HORDALAND FYLKESTING
7. REPRESENTASJON I REGJERING OG STORTING
8. REPRESENTASJON I STYRE OG UTVAL I VENSTRE SIN HOVUDORGANISASJON
9. LANDSMØTET
10. SEKRETARIAT
11. KONTORLOKALE
12. ØKONOMI
13. MØTER/KONFERANSAR
14. FRÅSEGNER
15. HORDALAND VENSTRE SIN MILJØPRIS
16. SLIK HAR STYRET JOBBA GJENNOM ÅRET
ETTERORD FRÅ LEIAREN

1. FYLKESÅRSMØTET

Fylkesårsmøtet vart halde på Thon Hotel Bergen Airport 10. og 11. februar 2018. Det møtte 108 utsendingar frå lokallaga, fylkesstyret, Unge Venstre og Venstrekvinnelaget. I tillegg møtte fylkessekretær Gro Gjelsvik, stortingsrepresentant Terje Breivik og ein observatør.

Desse sakene var oppe:

- årsmelding, rekneskap, tilleggskontingent, budsjett
- politisk innleiing ved Terje Breivik
- generell politisk debatt
- fråsegner

- orientering om valkampevalueringsrapporten ved Frode Fjeldstad
- organisasjonsdebatt
- vedtak av handlingsplan for 2018-19
- val av fylkesstyre og internrevisorar (for 2 år)
- val av nominasjonsnemnd og landsmøteutsendingar
- val av redaksjonsnemnd for fylkesårsmøtet 2019 (fråsegner)
- vedtak av intensjon om samanslåing med Sogn og Fjordane Venstre
- vedtektsendringar – tilknytt samanslåingsprosessen

I programmet for årsmøtet var det i tillegg sett opp innleiingar frå to eksterne innleiarar på Landsmøtetemaet for 2018 > Teknologi – moglegheiter og utfordringar: Une Tangen frå KS innleidde om velferdsteknologi og Anders Haugland frå Bergen Teknologioverføring fortalde om kva dei jobbar med. Årsmøtet fekk også besøk av Mikal Kvamsdal frå Venstre sitt teknologiutval.

2. FYLKESSTYRET

Fylkesstyret har sidan årsmøtet hatt følgjande samansetting:

Leiar: Åsta Årøen, Bergen

1. nestleiar: Geir Angeltveit, Stord

2. nestleiar: Bjørn Tore Sund, Osterøy

Styremedlemmer:

Ingrid Bjørke Nisamjan, Kvam

Ronny Knudsen, Askøy

Ingebjørg Winjum, Granvin

Trude Sletteland, Bergen

Varamedlemmer:

1. Bård Mangerøy, Radøy

2. Pia Kleppe Marken, Sund (*flytta ut av fylket sumaren 2018*)

3. Alf Helge Greaker, Bømlo

4. Elizabeth Toft Erichsen, Sund

5. Anders Kristoffer Oppheim, Ulvik

6. Guro Betten, Stord

For Hordaland Unge Venstre møtte hovudsakleg Agnes Hoshovde Bernes. Andreas M. Kolstad møtte for UV ved 3 høve.

For Hordaland Venstrekvinnelag møtte hovudsakleg Kari Østervold Toft.

Gro Gjelsvik har som sekretær delteke på styremøta.

Gruppleiar i fylkestingsgruppa, Anne-Beth Njærheim, har vore kalla inn til styremøta og delteke ved høve. Dialogen med fylkestingsgruppa har vore god og det at fylkestingsrepresentant Geir Angeltveit også har vore nestleiar har vore eit ekstra pluss i so høve.

Storingsrepresentant Terje Breivik har vore kalla inn til styremøta og har som oftast delteke per telefon under deler av møta.

Fylkesstyret har i 2018 hatt 8 ordinære styremøte samt ein studietur til Oslo i mai, med innlagt besøk på Stortinget/møte med storingsrepresentant/nestleiar Terje Breivik, samt besøk på Venstres hus og eit kort styremøte der. Styret har handsama 87 saker.

Styret har også hatt styremøte saman med Sogn og Fjordane Venstre to gonger - i etterkant av den lokalpolitiske samlinga i Bergen i juni og i forkant av nominasjonsmøte i Førde i november. I tillegg var begge styra kopla saman på telefon for handsaming av nokre saker i desember.

Møtedatoar for 1. halvår vart fastsett litt etter kvart (det var utfordrande å finne dato til reise til Oslo) og datoar for 2. halvår vart fastsett i starten av mai. Frammøtet til styremøta har jamt over vore bra. 1. vara har møtt fast.

Styret har hatt eit arbeidsutval samansett av leiar og dei to nestleiarane. Fylkessekretæren har delteke som sekretær. Arbeidsutvalet har hatt 8 møte i 2018. AU har arbeidd mellom styremøta med saksførebuing, oppfølging av styresaker, samt planlegging av samlingar og andre møte.

Alle AU-møte og alle styremøte er dokumenterte ved eigne referat, som er sendt ut til heile styregruppa kort tid etter.

3. NEMNDER OG UTVAL

Valnemnd

Fylkesårsmøtet i 2017 valde valnemnd for 2 år. Etter årsmøtet i 2018 melde eit av dei opphavlege medlemmene av nemnda (Beate Eknes, Meland) seg ut av Venstre og nemnda har etter det vore samansett slik:

Jostein Osnes, Etne (leiar), Bjørn Magne Hufthammer, Austevoll, Bjørnar Hamre, Bergen, Ingrid Sponheim, Ulvik.

I tillegg har Kari Østervold Toft møtt for Venstrekvinnelaget og Andreas M. Kolstad har møtt for Unge Venstre. Gro Gjelsvik har vore sekretær for valnemnda.

Personlege varamedlemmer: Synnøve Handeland, Kvinnherad, Sveinung Toft, Lindås, Grete Line Simonsen, Bergen, Hanne Kvilhaugsvik, Bergen.

Geir Angeltveit, Stord, vart opphavleg valt som vara til nemnda i 2017, men kunne ikkje lenger vere det når han gjekk inn som nestleiar på årsmøtet i 2018.

Nemnda har ikkje vore supplert undervegs.

Internrevisorar

På fylkesårsmøtet i 2018 vart følgjande revisorar valde: Tore Rykkel, Os (ny) og Siri K. Hamre, Bergen (attval)

Interimsstyre

Årsmøta i Hordaland Venstre og i Sogn og Fjordane Venstre godkjente at det skulle utpeikast eit interimsstyre som skal forberede og vere ansvarlege for samanslåinga til Vestland Venstre.

Interimsstyret har i 2018 hatt hovudansvaret for å koordinere samanslåinga.

Interimsstyret har vore sett saman slik:

Alfred Bjørlo (leiar), Åsta Årøen, Trude Risnes, Daniel Gangeskar (UV) og Kari Østervold Toft (Vestrekvinnelaget). Gro Gjelsvik har vore sekretær.

Interimsstyret hadde sitt første møte i mai og la deretter fram eit arbeidsdokument. Dette arbeidsdokumentet vart gjennomgått og godkjent på eit felles styremøte med Sogn og Fjordane Venstre 24. juni.

Nominasjonsnemnd

for felleslista til nye Vestland Venstre ved fylkesvalet 2019

Fylkesårsmøtet valde følgjande personar frå Hordaland til ei felles nominasjonsnemnd med Sogn og Fjordane Venstre:

Medlem

1. Peder Lofnes Hauge, Bergen
2. Ingebjørg Winjum, Granvin (Voss)
3. Synnøve Handeland, Kvinnherad

Personleg vara

1. Astrid Hårstad, Bergen
2. Pia Marken Kleppe, Sund (Øygarden)
3. Alf Helge Greaker, Bømlo

I tillegg møtte Kjersti I. Vevatne frå Hordaland Venstrekvinnelag og Naomi Ghebiregzabher frå Hordaland Unge Venstre.

Peder L. Hauge vart i nemnda konstituert som leiar av nemnda.

Den felles nominasjonsnemnda starta sitt arbeid i mai og la fram ei innstilling til fylkesvalliste den 20. oktober.

Programnemnd

For felles fylkesvalprogram til valet i 2019

Fylkesstyret peika i løpet av våren ut følgjande personar frå Hordaland til den felles programnemnda med Sogn og Fjordane Venstre:

Geir Kjell Andersland (Bergen), Rolf Nesheim (Lindås), Kristine Drake (Jondal).
Varamedlemmer: Geir Angeltveit (Stord), Vanja Espeland (Bømlo)

I tillegg møtte Anne-Beth Njærheim for Hordaland Venstrekvinnelag og Agnes Hoshovde Bernes for Hordaland Unge Venstre.

Elizabeth Toft Erichsen var sekretær for nemnda og i tillegg vara for Venstrekvinnelaget.

Geir Kjell Andersland var konstituert som leiar av nemnda.

Den felles programnemnda starta sitt arbeid i juni, leverte eit første utkast til program 1. november og avslutta jobben med å leggje fram eit andreutkast 17. desember.

Valkamputval

Det blei på eit felles styremøte med Sogn og Fjordane Venstre i juni gjort vedtak om at eit felles valkamputval for fylkesvalkampen i 2019 skulle setjast ned rett over sommaren.

Utvalet skulle vere samansett slik: 2 personar frå Hordaland + 2 frå Sogn og Fjordane + 1 representant frå UV og 1 representant frå Venstrekvinnelaget.

Etter nominasjonsmøtet skulle dei tre øvste kandidatane tiltre utvalet.

I løpet av august/september blei følgjande peika ut til å vere i utvalet frå Hordaland:

Bjørn Tore Sund (Osterøy) og Anton Engen (Bergen). Bjørn Tore er konstituert som leiar av utvalet. Agnes Hoshovde Bernes møtte frå Unge Venstre frå starten av.

Etter nominasjonsmøtet i november tiltrette også (frå Hordaland): 2. kandidat Geir Kjell Andersland Venstrekvinnelaget har enno ikkje peika ut sin representant.

Valkamputvalet har hatt eitt møte 13. desember (Lavik) og eitt møte 3. januar 2019 (Bergen).

4. LOKALLAGS-/MEDLEMSSTATUS

Som følge av kommunereforma har fleire lokallag valt å slå seg saman allereie i løpet av 2018, for å kunne førebu seg best mogleg saman fram mot kommunevalet i 2019. Venstre har dermed fått færre lokallag i Hordaland i 2018, men nokre har altså blitt større mykje større både med omsyn til medlemstal og geografisk område dei dekkjer. Tidlegare Voss og Granvin har vorte «Nye» Voss Venstre, Sund, Fjell og Øygarden har vorte «Nye» Øygarden Venstre, og Meland, Lindås og Radøy har vorte Alver Venstre.

I løpet av januar 2019 vil dei siste lokallagssamanslåingane skje - Odda, Ullensvang og Jondal vert til «Nye» Ullensvang Venstre, og Os og Fusa vert til Bjørnafjorden Venstre.

Frå februar 2019 har Venstre 18 lokallag i Hordaland. Minst tre av desse slit med å halde aktiviteten oppe og er ikkje sikre på om dei klarer å velje nytt styre i januar 2019.

Betalande medlemmer:

2008	650	betalande medlemmer
2009	819	betalande medlemmer
2010	838	betalande medlemmer
2011	952	betalande medlemmer
2012	973	betalande medlemmer
2013	850	betalande medlemmer
2014	831	betalande medlemmer
2015	796	betalande medlemmer, av totalt 940 registrerte medlemmer
2016	708	betalande medlemmer, av totalt 849 registrerte medlemmer
2017	639	betalande medlemmer, av totalt 785 registrerte medlemmer
2018	603	betalande medlemmer, av totalt 725 registrerte medlemmer

Det har i dei siste seks åra vore ein nokså jamn tilbakegang kvart år i både registrerte og betalande medlemmer. Det som har vore spesielt i 2018, er at det faktisk har kome heile 74 nye medlemmer, medan 134 anten har meldt seg ut eller flytta til andre fylke. Netto ein nedgang på 60 medlemmer. Betalingsprosenten er 83% for 2018. Omtrent på linje med dei føregåande åra.

Kjønnsbalansen i medlemsmassen var ved utgangen av 2018 omtrent på nivå med i 2015. Prosentandelen menn er 63% og kvinner 37%. Dette er ei svak endring frå 2017, der andelen kvinner var oppe i 39,5%. Av dei innmelde i 2018 var berre 36,5% kvinner.

Den stadig fallande tendensen i medlemstalet gjer grunn til bekymring. Vi må tilbake til 2006 for å finne same låge tal. Det kan i tillegg sjå ut til at mange av dei som har meldt seg ut i 2018, er folk som har vore medlemmer lenge og igjen mange har vore frå mindre distriktskommunar. Dei fleste innmelde er hovudsakleg frå anten Bergen (72%) eller dei store kommunane kring Bergen.

Styret har hatt medlemssituasjonen oppe på nesten kvart styremøte.

5. ANDRE SAMARBEIDSGRUPPER

Hordaland Unge Venstre	sjå eiga årsmelding
Venstres Fylkestingsgruppe	sjå eiga årsmelding
Hordaland Venstrekvinnelag	sjå eiga årsmelding

6. REPRESENTASJON I HORDALAND FYLKESTING

Anne-Beth Njærheim (gruppeleiar)	Fylkesutvalet
Geir Kjell Andersland	Utval for kultur, idrett og regional utvikling
Geir Angeltveit	Utval for miljø og samferdsel

Vararepresentantar:

Elizabeth Toft Erichsen	Utval for opplæring og helse
Torstein Gunnarson	
Ingrid Handeland	
Tove Kristin Sleire Tistel	
Bjørnar Hamre	
Marit Helen Leirheim	

7. REPRESENTASJON I REGJERING OG STORTING

Terje Breivik (Ulvik) var Venstre sin representant frå Hordaland på Stortinget og parlamentarisk leiar. Idun Bortne (Bergen) har vore vara for han.

8. REPRESENTASJON I STYRE OG UTVAL I VENSTRE SIN HOVUDORGANISASJON

Sentralstyret: Terje Breivik har vore nestleiar.

Landsstyret: Fylkesleiar Åsta Årøen. Nestleiar Geir Angeltveit har møtt for henne delar av landsstyremøtet i Bergen i juni og i eit telefonmøte i november
Erlend Horn har vore direktevalt til Landsstyret.

Internasjonalt utval: Alf Helge Greaker gjekk inn i internasjonalt utval frå juni (?)

Distriktsutvalet: Elin Seim gjekk inn i Venstres Distriktstutval frå juni (?)

Venstres gruppe for marin sektor: Kari Østervold Toft

9. LANDSMØTET

På Venstre sitt landsmøte på Quality Airport Hotel Gardermoen deltok desse frå Hordaland: Geir Angeltveit, Ingebjørg Winjum, Jo Lerheim, Idun Bortne, Bjørn Tore Sund, Brith Ediasen, Guro Betten, Agnes H. Bernes, Julie Andersland, Heine Johansen, Kari Østervold Toft, Elin Seim, Ragnhild Handeland, Anne-Beth Njærheim og Åsta Årøen (Landsstyret)

For Landsstyret: Erlend Horn. For sentralstyret: Terje Breivik

Sondre Hansmark og Tobias Bashevkin møtte som delegatar frå Norges Unge Venstre.

August Simonsen og Alf Helge Greaker deltok som observatørar.

10. SEKRETARIAT

Gro Gjelsvik har vore sekretær i 60 % stilling dette året. I januar arbeidde ho 100% for å førebu fylkesårsmøtet. Ho har vore sekretær for fylkesstyret, arbeidsutvalet, interimsstyret, valnemnda og nominasjonsnemnda og rekneskapsførar for Hordaland Venstre og fylkestingsgruppa.

Bystyregruppa i Bergen kjøper rekneskapstenester.

Elizabeth Toft Erichsen har vore tilsett som gruppesekretær for fylkestingsgruppa i 25% stilling.

11. KONTORLOKALE

Fylkessekretæren har høve til å bruka eit kontor som fylkestingsgruppa disponerer i Wigandgården, rett over gata frå fylkesbygget. I same bygg fins også møtelokale som Venstre kan bruka på kveldstid. Frå januar 2020 vil vi truleg mangle kontor og tilgang til gratis møtelokale fordi fylkeskommunen flyttar ut av Wigandgården.

12. ØKONOMI

Nestleiar Bjørn Tore Sund har vore økonomiansvarleg i styret og fylkessekretær Gro Gjelsvik har vore rekneskapsførar. Resultatet for 2018 vart eit overskot på 212 520 kr.

I tillegg viser vi til gjennomgang av rekneskapen og revisjonsmerknadene.

13. MØTER/KONFERANSAR

Hordaland Venstre har i 2018 arrangert:

10. – 11. februar Fylkesårsmøte på Thon Hotel Bergen Airport

4. april	Delegasjonsmøte føre Landsmøtet
19. april	Regionmøte i Granvin for lokallaga i Hardanger
22. – 24. juni	Lokalpolitisk nettverkssamling i Bergen, saman med Sogn og Fjordane Venstre. Det var 35 deltakarar frå Hordaland. Dette var same helg som Venstre hadde landstyremøte i Bergen.
10. november	Felles nominasjonsmøte for Hordaland Venstre og Sogn og Fjordane Venstre vart halde på Thon Hotel Førde i Førde. Nominasjonsmøtet godkjente totalt 112 røysteføre delegatar; 41 frå Sogn og Fjordane Venstre og 71 frå Hordaland Venstre. Møtet valde ei felles liste med 67 kandidatar for Vestland Venstre til fylkestingsvalet i 2019.
10. og 11. november	Lokalpolitisk nettverkssamling i kominasjon med nominasjonsmøtet i Førde, saman med Sogn og Fjordane Venstre. Det var 71 deltakarar frå Hordaland Venstre.
25. november	Ope interessemøte om nytt prinsippprogram for Venstre, i Bergen.

På Venstre sin Landskonferanse 20. og 21. oktober i Oslo deltok minst 12 frå Hordaland. For å stimulere til deltaking vedtok styret å dekkje inntil 2000 kr for inntil 4 personar som ønskte å reise. I tilknytning til konferansen arrangerte Venstres Studieforbund kursleiarkurs fredagen. På dette kurset deltok 3 frå Hordaland.

14. FRÅSEGNER

Fylkesårsmøtet 2018 vedtok desse fråsegnene:

- Ein sterk vestlandsregion
- Terskelen til arbeidslivet må senkast
- Ut med moms – Inn med bærekraft
- Utgreiing av samfunnsløn no!
- Hordaland Venstre krever at regulering av rusmidler utredes

Fråsegnene om samfunnsløn og om moms/berekraft vart sendt over som forslag til Landsmøtet.

Fylkesstyret vedtok i løpet av året følgjande fråsegner:

- Hordaland Venstre reagerer på politiaksjon mot familie i kyrkjeasyl (mars)
- Satsing på små og mellomstore gardsbruk! (mai)
- La gaupa få leve i Hordaland! (mai)
- Stopp planane for vindkraftutbygging i Stølsheimen! (oktober)
- Vestland Venstre vil ha slutt på mobbing (nov)
- Hordaland Venstre prioriterer E16 og jernbane Bergen – Voss (des)

Fråsegner som har vore fremma frå Hordaland i Landsstyret:

- «Framtidas cruisenæring i Noreg må vera miljøvennleg, og treng landstraum» (Erlend Horn, Åsta Årøen og Julie Andersland)

15. HORDALAND VENSTRE SIN MILJØPRIS

Hordaland Venstre deler kvart år ut ein miljøpris i samband med den internasjonale miljødagen 5. juni. I 2018 ønskte styret å gje denne prisen til Eidesvik Offshore ASA på Bømlo for deira

banebrytande bruk av batteriteknologi på supplyskip. Selskapets «Viking Princess» var i fjor haust det første supplyskipet i verda som erstatta ein tradisjonell generator med batteripakke, og som dermed vart ein ekte hybrid. Eidesvik Offshore har saman med samarbeidspartnarar som Wärtsilä, steg for steg teke i bruk batteriteknologi som del av energiforsyninga om bord på supplyskip. Dei har per i dag hybridløysingar i 4 skip, og er i gang med hybridprosjekt også for skip nr. 5, «Seven Viking». Hordaland Venstre trur at den banebrytande utviklinga Eidesvik Offshore står for vil ha global innverknad, for hybridteknologien i første omgang, men det vil også gjere vegen til 100% batteriløysingar kortare. Eidesvik viser at Noreg og norsk næringsliv definitivt har noko å bidra med i den globale klimakampen. Prisen til Hordaland Venstre er først og fremst heider, ære og positiv omtale, men består også av eit diplom og ei symbolsk gåve. Prisen vart overrekt av miljøvernminister Ola Elvestuen under Lokalpolitisk nettverkssamling i Bergen i juni. Overrekkinga skjedde samtidig med Sogn og Fjordane si overrekking av sin miljøpris til Fjord 1.

16. SLIK HAR STYRET JOBBA GJENNOM ÅRET

Fylkesårsmøtet vedtok i februar ein handlingsplan for 2018 og 2019 og ein intensjon om samanslåing med Sogn og Fjordane Venstre frå 1.1.2020 nedfelt i dokumentet som heiter «Etableringa av Vestland Venstre». Desse to dokumenta har vore viktige rettesnorar og grunnlag for styret sitt arbeid gjennom året. Styret godkjente også Interimstyret sitt forslag til arbeidsdokument/retningslinjer på felles styremøte med Sogn og Fjordane Venstre i juni.

Det overordna målet for to-årsperioden er i følgje handlingsplanen å «byggje organisasjonen for å oppnå auka oppslutnad i Hordaland fram mot valet i 2019, med særleg fokus på å styrkje lokallaga».

Handlingsplanen gjeld for 2 år, men dei aller fleste av tiltaka som er lista i planen vert det arbeidd systematisk med. Handlingplanen som heilskap har vore gjennomgått halvårleg. Styret meiner at det ved neste korsveg er behov for ei betydeleg revisjon/fornyng av formatet på planen, blant anna for å få klårare prioriteringar på korleis styret sin kapasitet skal brukast.

Arbeidsfordeling i styret:

- 1. nestleiar Geir Angeltveit – oppfølging av besøk frå Regjering
- 2. nestleiar Bjørn Tore Sund – listestilling/oppfølging lokallag, samt valkamputval
- Styremedlem Ronny Knudsen – skuleringsarbeid
- Heile styret deltek i reiseaktivitet og regionsamlingar i fylket, som del av medlemspleie.
- Fråsegrner: Dei fleste i styret har delteke i arbeidet med fråsegrner.

Endringar og vurderingar frå fylkestyret:

- Flytting av første LPN frå april til juni for samkøyre med Landsstyremøte
- Flytting av programprosess-tidsplan og nominasjonssmøte, for å oppnå betre koordinering. Grunngeving: Nominasjonsmøtet skulle ha eit grunnlag for å sjå kva kandidatane ville gå til val på.

Medlemspleie

Styret har fokusert på å pleie medlemmer gjennom lokallagsstyra og gjennom medlemsmailar frå leiar. Lokallaga har vore oppmoda til ringjerunder m.a. for å høyre kvifor folk ikkje betalar kontingent. For meir om medlemsmailane, sjå under Informasjon.

Styret har i haust ønskt å få gjort ei medlemsundersøking. Dette har også vore nemnt i ein medlemsmail eller to. Men det har vore litt utfordrande å få dette til reint teknisk, samt at ein ikkje har vore sikker på at innhentinga og handteringa av informasjon tilfredsstiller dei nye retningslinjer for personvern. Vi håpar å komme sterkare tilbake med dette i 2019.

Reiseaktivitet

Styret har sterkt prioritert å reise rundt i fylket og snakke med lokallag og lokale tillitsvalde.

- Åsta - Bømlo, Etne, Jondal, Odda, Bergen, Alver
- Bjørn Tore - Odda, Alver, Bergen, Bjørnafjorden, Sveio, Austrheim m.fl.
- Geir - Laga i Sunnhordland
- Bård - Alver
- Ingrid - Jondal og Kvam
- Ingebjørg - Voss, Granvin, Ullensvang
- Kari - Nye Øygarden
- Ronny - Askøy

Valkampførebuingar

Fylkesstyret sette ned eit valkamputval rett etter sumaren 2018, saman med Sogn og Fjordane Venstre. Det felles valkamputvalet har vore leia av Bjørn Tore Sund.

Nominasjon

Nominasjonsprosessen vart starta våren 2018 med møteaktivitet og kandidatintervju. Lokallaga vart bedne om å kome med innspel på namn i to rundar og deretter levere prøvenominasjon (liste med 10 prioriterte kandidatar til toppen) innan 12. oktober.

Tida vart knapp etter sommaren og nominasjonsnemnda vurderte det slik at det ikkje var handlingsrom i tid og pengar til å gjennomføre regionvise kandidatpresentasjonar.

Nominasjonsmøtet for lista til Vestland Venstre vart arrangert 10. november i Førde.

Skulering og organisasjonsbygging (noko uferdig)

I 2018 har fylkesstyret jobba med å få til to lokalpolitiske nettverkssamlingar med eit godt og interessant program. Fylkesstyret har fått utforma ein mal for strategi for skuleringsarbeidet. Arbeidet vidare blir å få dei ulike lokallaga til å implementere denne.

Ta i bruk dei folkevalde

Venstre har mange representantar i kommunestyra rundt om i fylket og tre representantar på fylkestinget. Venstre har i perioden hatt ordførar i Granvin kommune og to byrådar i Bergen. Styret har forsøkt å ha dialog med dei folkevalde gjennom året, men dette er noko vi kan bli mykje betre på. LPN-samlingane har vore ein mogleg møtestad.

For styret har det vore eit mål å få til meir aktivitet knytt til regjeringsbesøk i dei ulike kommunane

Økonomi

Som vanleg for eit mellomvalsårs var det budsjettert med eit bra overskot.

Inntektene frå medlemskontingent er fallande som resultat av at talet på betalande medlemmer går ned. Styret har forsøkt å støtte lokallaga for å få fleire av dei registrerte medlemmene til å betale.

Det var gledelig at Hordaland Venstre i løpet av året fekk tildelt ekstra stemmestøtte frå fylkeskommunen til auka aktivitet i samband med regionreform og samanslåingsprosess.

Ein ekstra og uventa pengepott frå VHO vi hadde vore tildelt i valkampen i 2017 kom også godt med. Budsjettet for 2018 vart revidert av fylkesstyret i august.

Informasjon

Hordaland Venstre nyttar heimesidene og Facebook til å spreie informasjon om politikk og aktivitetar. Oppdateringar på nettsidene vert knytt opp mot Facebook. Oppdateringane på Facebook skjer regelmessig, fleire gonger i veka. Alle arrangement blir marknadsført med eigne FB-events. Heimesidene vert også oppdatert regelmessig. Styret deltek også i den nye interngruppa for medlemmer i Vestland Venstre på Facebook.

Hordaland Venstre har jamleg sendt ut nyhendebrev/medlemsmail frå fylkesleiaren gjennom året.

Media

Det har gjennom året vore stor aktivitet i media frå fylkesstyret. Mykje av merksemda er knytt til at vi no er eit regjeringsparti. Det var også omfattande dekning av fylkesårsmøtet som var, noko som hadde samanheng med leiarval og spenningar knytt til det å vere eit regjeringsparti. Bergens Tidende deltok på første ordinære styremøte etter fylkesårsmøtet. Elles har vi vore kontakta av svært mange riksmidia. Oppslag, kronikkar og sitat gjennom året i BT, Vårt Land, Dagbladet, NRK. Utover regjeringslivet har tema vore; asyl, ulv, abort, tyskerjentene sin skjebne, Krf og meiningsmålingar. Mediaaktiviteten har først og fremst vore eit resultat av «luker» og handlingsrom som har kome opp. Dette bør ein fortsetje med, men kanskje også arbeide meir systematisk for å vere på banen i større politiske debattar.

Bergen, januar 2019

Åsta Årøen (s)
leiar

Geir Angeltveit (s)
1. nestleiar

Bjørn Tore Sund (s)
2. nestleiar

Ingrid B. Nisamjan (s)
styremedlem

Ronny Knutsen (s)
styremedlem

Trude Sletteland (s)
styremedlem

Kari Østervold Toft (s)
Hordaland Venstrekvinnelag

Agnes Hoshovde Bernes (s)
Hordaland Unge Venstre

ETTERORD FRÅ LEIAREN

Å få ein organisasjon til å henge saman og arbeide effektivt og synleg kan vere ei utfordrande oppgåve, der vi aldri kan bli gode nok. Handtering av interessekonfliktar og arbeid med felles visjonar er også hardt arbeid, men også ei moglegheit til å lukkast i å skape det lokalsamfunnet, det Vestlandet, den verda, som er god og berekraftig.

Ein del av dykk kjenner kanskje figurane Jakob og Neikob frå nynorsk barnelitteratur. Den eine optimist, som alltid seier ja, den andre seier alltid nei, men er meir realistisk i møte med problem som oppstår. Ofte må dei møte ytre påkjenning, som brann, tjuveri mm. Følgjande replikkskifte er illustrerande (eg vil ikkje seie noko om kven tjuven kan symbolisere, her må de tolke sjølv).

Plutseleg ser dei ei svart huve som stikk opp bak bilen! Det er tjuven!

- Min bil! seier tjuven.

- NEI! seier Neikob.

- Men eg kan vel få sitte på eit stykke? spør tjuven.

- JA! svarar Jakob.

Eg anbefaler sterkt denne perla av barnelitteratur. Her kan vi lære mykje. Ikkje minst; Jakob og Neikob er best når dei klarar å samarbeide, og gode løysingar kjem til gjennom kreativ meiningsbryting mellom dei to motpolane. Eg trur Hordaland Venstre kan hente inspirasjon her – vi er kanskje ikkje alltid størst og best på meiningsmålingar, men partiet er stort mht takhøgde, og vi er best når vi klarar å ta ut denne energien som ligg i det. Ditt nærmiljø treng Venstre, det nye Vestland treng Venstre, nasjonen treng Venstre, og ikkje minst, kloden treng oss. Vi skal som fylkesparti kjempe for eit større Venstre, som står opp for den enkelte og fellesskapet, og miljøet vi omgjev oss med.

Åsta Årøen